

## Ny julegran blir planta 17. mai

11.05.2009



Midt på plenen her skal den nye julegrana plantast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalens stolte, permanente julegran tek til å skranta i toppen og det er best å vera føre var. Som punktum for 17.mai-feiringa i år blir det difor planta ei ny julegran - på plenen mellom Gamleskulen og Sandavegen. Der har det stått ei selje til for stutt tid sidan. Sjølve plantinga skjer i eit samarbeid mellom Uskedal Musikklag og ordførar Synnøve Solbakken - ved 17-tida. Grana er allereie funne etter grundige vurderingar av fleire alternativ.**



[Den gamle grana har teke til å skranta i toppen.](#) (Foto: Ola Matti Mathisen)

Feiringa har naturleg nok eit tradisjonelt opplegg med unntak av at folketogget denne gongen går allereie klokka 12.30 - etter kransenedleggjinga ved bautasteinen. Togget går i år etter riksvegen fram til krysset med Eikevegen. Det er også ein gamal tradisjon for ei slik rute, presiserer Tor Vidar Sæle når [uskedalen.no](http://uskedalen.no) minner om at toget har gått over Dønhaug eller via båthamna i dei seinare åra.



For to år sidan gjekk folketoget over Dønhaug, i år går det utover mot Eikelandet - og det skjer tidlegare på dagen enn det plar gjera.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Salutten klokka sju innleier feiringa og sokneprest Sven H. Nilsen har gudstenesta denne gongen. Røysterett for alle skal syngja i kyrkja slik dei plar gjera.

Kransenedleggjinga er det Kristian Bringedal som skal stå for denne gongen og 5. klasse skal som vanleg lesa diktet til Olaf Agnar Gausvik medan skulemusikken spelar oig fedrelandsalma vert sunge.

Leikar og konkurransar på skulen kombinert med mat og drikke er neste post på programmet når folketoget har kome attende frå marsjen mot Eikelandet.

Klokka 15 blir det samlingstog mot Stemneplassen der festprogrammet inneheld kjende postar. Bjørgulf Eik skal seia minneorda i år, skulemusikken skal sjølvstøtt spela og Røysterett for alle syngja. Tala for dagen skal haldast av Ronny Lakselv.

Vi merkar oss at Uskedalssongen er på plass i programmet etter å ha vore 'gløymt' i nokre år.

Frå stemneplassen blir det tog til gamleskulen og julegranplanting, som altså er eit ekstra høgdepunkt dette året. Plantinga er ikkje slik å forstå at grana, som vart mål til 22 meter for fem år sidan, står for fall. Ho kan sikkert leva i mange år enno. Men det er fornuftig å tenkja på framtida og det har musikklag-karane gjort.

Det var tidlegare dirigent og formann i musikklaget Sigurd Wang som hadde ideen om å gjera grana ved bautasteinen til julegran. Ho var 13 meter ved første tenning i 1963 og det er musikklaget som har hatt ansvar for ho i alle år sidan.

Arrangørane har ein bøn til dei som skal feira 17. mai: Unngå parkering ved bautasteinen og grana fordi folketoget med flaggborg og skulemusikk skal stilla opp i dette området.

Av Ola Matti Mathisen